



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

09.04.2021

Vår ref:

2021/3382

Dykkar dato:

23.02.2021

Dykkar ref:

202010487

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

## Fråsegn til søknad om løyve til regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet i Solund kommune

---

**Statsforvaltaren vil ikkje rå frå at det blir gitt løyve til regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet i Solund. Vi har nokre merknader som gjeld avbøtande tiltak for ål og sjøaure.**

---

Vi viser til høyringa av søknaden om regulering og uttak av vatn frå Skogevatnet og Storevatnet.

### Om søknaden

Sol smolt AS har hatt konsesjon for produksjon av smolt sidan 1986, og dei hentar vatn frå både Skogevatnet og Storevatnet. Selskapet har planlagt å utvide anlegget frå 0,5 – 1,2 mill. smolt, og søker no om løyve til å ta ut vatn. Selskapet vurderer også bruk av resirkuleringsteknoauka og auka bruk av CO<sub>2</sub>-lufting og sjøvatn.

Søknaden gjeld mellom anna:

- vassuttak mellom 0,075 m<sup>3</sup>/s (4,5 m<sup>3</sup>/min) og 0,15 m<sup>3</sup>/s (9 m<sup>3</sup>/min)
- regulering av Skogevatnet med 1,2 meter (LRV = NV = 43 moh. og HRV = 44,2 moh.), og med slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 30 l/s
- regulering av Storevatnet med 0,4 meter (LRV = NV = 2 moh. og HRV = 2,4 moh.), og med slepp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 45 l/s
- etablert fiskepassasje for ål i begge dammane, og for sjøaure i den nedste dammen
- anleggsvei på om lag 500 meter til ny dam i Skogevatnet

Rådgivende Biologer AS har vurdert konsekvensane av vassuttaket og reguleringa av innsjøane. Dammen og 1,2 meter regulering av Skogevatnet, er vurdert til å få ei lita negativ verknad for landskapsopplevinga. Slepp av minstevassføring til utløpselva frå Skogevatnet er venta å gi ei lita positiv verknad for fisk, men dette er vurdert i forhold til situasjonen i dag med tidvis er tørrlegging av elva når innsjøen er senka. Ut over dette er tiltaket vurdert til å ha ubetydelege konsekvensar for dei aller fleste vurderte fagområda/interessene.

I klassifiseringa etter vassforskrifta er økologisk status vurdert som «god» for begge vatna, men vassførekomstane er vurderte som «sterkt modifisert vannforekomst (SMVF)» på grunn av vassuttak for fiskeoppdrett. Det økologiske potensialet er sett til «moderat», og dette vil ikkje bli endra for nokon av innsjøane.

---

E-postadresse:  
[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)  
Sikker melding:  
[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.statsforvalteren.no/vl](http://www.statsforvalteren.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



## Vurdering/merknader

Det er lagt opp til at vandringsveg for ål frå sjøen via Storevatnet og til Skogevatnet, og for sjøaure til Storevatnet. Det bør stillast krav i konsesjonen om bruk av fiskefagleg kompetanse ved detaljplanlegginga, og at tiltaka skal evaluerast for å dokumentere effekten.

Planlagt vassuttak vil redusere vassføringa i elvane, og redusert vassdekt areal og vassvolum kan ha negativ effekt på fiskeproduksjonen. Minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring vil derimot auke dei lågaste og mest kritiske vassføringane gjennom året. I kva grad dette kan oppveie for den negative sida av reguleringa, er vanskeleg å vurdere.

For å kunne vandre frå sjøen og opp til gyteplassane, vil sjøauren vere avhengig av flaumar som er store nok til å ha effekt på vassføringa. Det er vel kjent at gytevandring av sjøaure skjer ved auka/høg vassføring; alminneleg lågvassføring er derimot ei svært låg vassføring som vanlegvis er lite eigna for oppvandring av fisk. Det må føresetjast at sjøauren blir sikra nok vatn i periodar til å kunne vandre mellom Storevatnet/gyteområda og sjøen.

Vi legg til grunn at det blir stilt krav om best mogleg terrengtilpassing og utforming av anlegga, slik at inngrepa i minst mogleg grad vil dominere landskapsopplevinga. Nye naturinngrep vil vere negativt for landskapsopplevinga og for friluftsinnteressene. I søknaden er det påpeika at dammen i Skogevatnet kan få ei lita negativ effekt, og vi vil leggje til at dette truleg også vil gjelde anleggsvegen til fram til vatnet.

Vi minner om at vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum «*god økologisk tilstand*». Forskrifta opnar ikkje for at det kan gjennomførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan vere grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Vi ber om å få detaljplanen på høyring.

Med helsing

Gry Walle  
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

|                        |                         |      |           |
|------------------------|-------------------------|------|-----------|
| Miljødirektoratet      | Postboks 5672 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |
| Solund kommune         | Postboks 73             | 6921 | HARDBAKKE |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900           | 5020 | BERGEN    |